

Arbeidsmarkedet nå –mars 2006



Aetat Arbeidsdirektoratet, Analyse, utarbeider statistikk, analyser av utviklingen på arbeidsmarkedet og evalueringer av arbeidsmarkedspolitikken. Notatet "Arbeidsmarkedet nå" offentliggjøres månedlig.


6. april 2006. Notatet er skrive av Jorunn Furuberg, yorunn.furuberg@aetat.no

Færre arbeidslause

I løpet av mars har det vorte 300 færre arbeidslause når vi korrigerer for vanlege sesongvariasjonar. Talet på summen av heilt arbeidslause og tiltaksdeltakarar har hatt ein sesongjustert nedgang på 900 personar siste månaden. Sjølv om nedgangen i arbeidsløysa denne månaden ikkje er like kraftig som det vi har opplevd dei siste månadene, tolkar vi ikkje dette som ei endring i den positive trenden. Tilgangen av ledige stillingar er på eit høgt nivå, samstundes som det er få nye arbeidssøkjrarar som melder seg til Aetat.

Ved ugangen av mars var det registrert 70.000 arbeidslause hos Aetat, dette svarer til 2,9 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 19.000 personar eller 21 prosent i høve til mars i fjor.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte arbeidslause og summen av registrerte arbeidslause og deltakarar på ordinære tiltak. Januar 1998 –mars 2006. Sesongjusterte tal.




— Helt ledige og tiltaksdeltakere — Helt ledige

Få nye arbeidssøkjarar melder seg til Aetat

Tilgangen av nye arbeidssøkjarar ligg på eit lågt nivå. I løpet av mars meldte det seg 10 prosent færre nye ordinære arbeidssøkjarar enn mars i fjor.

Figur 2. Tilgangen av ordinære arbeidssøkjarar per yrkedag. Behaldning registrerte heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal. Januar 2001 – mars 2006.




Mange ledige stillingar

I løpet av mars blei det registrert 34 prosent fleire ledige stillingar ved Aetat enn same tid i fjor. Det er ein auke i talet på ledige stillingar innafor alle yrkesgrupper¹, sterkest auke har det vore innafor kontorarbeid (59 %), akademiske yrke (52 %) og bygg og anlegg (51 %).

¹ Aetat har endra yrkesgrupperinga i statistikken, meir om dette i avsnittet om spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa.

Figur 3. Tilgang ledige stillinger utlyst i media. Januar 2000 – mars 2006. Sesongjusterte tal.



Den økonomiske utviklinga internasjonalt

I løpet av 2005 var det særleg utviklinga i Kina, Japan og USA som bidrog til vekst i verdsøkonomien. I Danmark og Sverige er det også høg vekst, medan utviklinga i euroområdet har vore svakare. Det er få teikn som tyder på at veksten i verdsøkonomien skal stoppa opp i 2006, og ventetegn vil veksten i euro- området også ta seg opp i løpet av året.

Utviklinga i norsk økonomi og på arbeidsmarknaden.

Norsk økonomi er inne i ein oppgangskonjunktur som har vart sidan 2 kvartal 2003. Den registrerte arbeidsløysa starta å gå ned ved årsskiftet 2003/2004 medan auken i sysselsetjinga og nedgangen i arbeidsløysa målt ved Statistisk sentralbyrås arbeidskraftsundersøking (AKU) kom seinare enn i tidlegare oppgangskonjunkturar. Produksjonen per sysselsett auka, medan det tok tid før oppgangskonjunkturen førte til nyttilsetjingar i verksemndene. Mot slutten av 2005 fekk vi ein auke i sysselsetjinga og ein nedgang i arbeidsløysa målt ved AKU. Nedgangen i arbeidsløysa er først og fremst driven av auka investeringar, mellom anna olje og bustadinvesteringar, ei låg rente og auka etterspørsel etter norske eksportvarer som ein følgje av den generelle oppgangen i verdsøkonomien.

Tal frå SSB over ordretilgangen i industrien viser høg tilgang av ordrar til industrien frå 3. til 4. kvartal 2005, særleg er det høg tilgang av ordar til produsentar av oljeplattformar og modular, og innan maskinindustrien. SSB sitt konjunkturbarometer for 4. kvartal vitnar om optimisme innafor store deler av industrien.

Tal for igangsette bygg målt ved bruksareal antyder at aktiviteten i bustadbygginga kan vere i ferd med å nå toppen.

Nedgang i arbeidsløysa innafor alle yrkesgrupper

Industriarbeid:

Nedgangen i arbeidsløysa innafor industrien må sjåast i samanheng med veksten i ordretilgangen i industrien og dei høge oljeinvesteringane. Samanlikna med mars i fjor har det særleg vorte færre arbeidslause *støyparar, sveisarar og platearbeidrarar* (-57 %), men også innafor *mekanikarar* (-34 %) og *hjelpearbeid innafor industrien* (-30 %) er det ein monaleg nedgang i arbeidsløysa samanlikna med same tid i fjor.

Ingeniør- og IKT fag:

Nedgangen i arbeidsløysa innfor Ingeniør –og IKT fag heng saman med innfor industriyrka og bygg og anlegg, då mange ingeniørar og sivilingeniørar er tilsette i industri og byggeverksemd. Nedgangen i arbeidsløysa er størst blant *ingeniørar og teknikarar* (-34 %), og *IKT yrke* (-32%).


Bygg og anlegg:

Samanlikna med mars i fjor er det størst nedgang blant *røyrleggjarar* (-61%), *elektrikarar* (-53%) og *snikkarar og tømarar* (-30 %).

Barne- og ungdomsarbeid:

Nedgangen i arbeidsløysa innfor denne yrkesgruppa er lågare enn i dei andre yrkesgruppene, med ein reduksjon på 12 prosent det siste året.

**Figur 4. Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter yrkesbakgrunn.
Mars 2005 – mars 2006.**




Nedgang i arbeidsløysa i alle fylke

Ved utgangen av mars er det færrest arbeidslause i Sogn og Fjordane (2,0 %) , Rogaland (2,2%) og Oppland (2,2%). I Finnmark (5,0 %), Oslo (3,7%) og Nordland (3,7%) er det flest arbeidslause.

Arbeidsløysa har gått mest ned i fylke som har høg sysselsetting innafor oljerelatert industriverksemd som Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.


Figur 5. Prosentvis endring i talet på registrerte ledige fordelt på fylke. Mars 2005 – mars 2006.



Lågst arbeidsløyse blant 50- åringane

Samanlikna med mars i fjor er det 25 prosent færre arbeidslause menn og 17 prosent færre arbeidslause kvinner. Nedgangen i arbeidsløysa er sterkest blant menn i alderen 25 – 29 år der det har vore ein nedgang i talet på arbeidslause med 30 prosent. Blant menn går arbeidsløysa ned i alle aldersgrupper, blant kvinner går arbeidsløysa ned for alle så nær som dei som er 19 år og yngre. Både for kvinner og menn er arbeidsløysa lågst blant 50 åringane, der 1,7 prosent av kvinnene og 2,0 prosent av mennene er heilt utan arbeid ved utgangen av mars.


Figur 6. Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter kjønn og alder, mars 2005 –mars 2006.



Lågast nedgang i arbeidsløysa blant innvandrarkvinner frå land utafor OECD

Det er ingen forskjell i utviklinga i arbeidsløysa mellom kvinner og menn utan innvandrarbakgrunn og kvinner og menn med bakgrunn frå OECD land. For begge desse gruppene går arbeidsløysa ned med 26 prosent blant menn og 18 prosent blant kvinner. Innvandrar frå land utafor OECD har ei svakare utvikling. Her går arbeidsløysa ned med 15 prosent blant menn og 8 prosent blant kvinner.

Figur 7. Prosentvis endring i registrert arbeidsløyse frå mars 2005 til mars 2006 etter fødeland og kjønn.



Spesielle tilhøve knytt til månadsoppdateringa

Konsekvensar av utsett offentleggjering av arbeidsløysetal mars 2006

Aetat sin statistikk over arbeidsmarknaden for mars 2006 vert publisert torsdag 6. april, ei veke etter planlagt offentleggjering. Forseinkinga knyter seg til planlagt vedlikehald av Aetat sine IT-system helga 24.-27.3, noko som tok lenger tid enn planlagt.

På grunn av dei nemnde endringane i IT-systema valde Aetat å presentera arbeidsmarknadstala for mars 2006 frå ei veke tidlegare enn vanleg. Tilsvarande vart tala i mars 2005 også oppdatert ei veke tidlegare enn vanleg, då på grunn av påska. Tala for mars 2006 kan difor fullt ut samanliknast med tala for mars 2005. Nedgangen i dei sesongkorrigerte arbeidsløysetala vert likevel litt undervurdert som følgje av dette. Vi har anslått effekten til å vera om lag 500 fleire heilt arbeidslause som følgje av den tidlege oppdateringa av statistikken.

Ny yrkesinndeling

I statistikken til Aetat er inndeling etter yrke basert på detaljerte yrkeskoder under Standard for yrkesklassifisering (STYRK). Yrkesinndelingane følgjer i større grad ei bransjeinndeling enn det som er tilfellet for inndelingane under STYRK. Dette er gjort fordi ei bransjerelatert inndeling gir meir informasjon om utviklinga på arbeidsmarknaden enn ei rein STYRK-inndeling. Aetat brukar i dag fin og grov inndeling i statistikken. Eksempelvis er desse presentert i månadsstatistikken for februar 2006, tabell 2.27.

Frå og med mars 2006 har Aetat endra både fin og grov yrkesinndeling i statistikken. Vi meiner dette vil bidra til å skapa eit betre samsvar mellom namn på yrkesgrupper og underliggjande yrker, noko som gjer det lettare å følgja utviklinga på arbeidsmarknaden. Ein del av endringane gjeld nye namn på yrkesgruppene slik at det blir lettare for brukarane å forstå innhaldet. I andre tilfelle er einskilde undergrupper skilt ut.



Samanlikna med den gammal yrkesinndeling er dette dei viktigaste endringane:

- Det som tidligare heitte Administrativt og humanistisk arbeid er no i hovudsak delt opp i to skilte yrkesgrupper, "Ledere" og "Akademikere". I tillegg er yrker med administrativt salsarbeid sortert under yrkesgruppa som no heiter "Meglere og konsulenter". Kulturyrke (til dømes forfattarar, kunstnarar, musikarar, skodespelarar) er sortert under "Servicearbeid og andre yrker".
- Yrkesgruppa "Naturvitenskapelige yrker" er omtrent uendra, men heiter no "Ingeniør- og ikt-fag".
- Innan "Helse, pleie og omsorg" er Barne- og ungdomsarbeid skilt ut i eigen yrkesgruppering.
- "Handelsarbeid" heiter no "Butikk- og salgsarbeid".
- "Merkantile yrker" er delt i "Kontorarbeid"; og "Meglere og konsulenter". "Kontorarbeid" omfattar yrker som har støttefunksjonar i ein organisasjon, medan "Meglere og konsulenter" omfattar yrker som ofte er sett i samband med eit ansvar for inntening.
- Elektrikarar er flytta frå "Industriarbeid" til "Bygg og anlegg".

- Det som tidligare heitte "Transportarbeid" heiter no "Transport og reiseliv". I denne yrkesgruppa er det no lagt til yrker som har tilknyting til reiseliv og restaurantverksemd. Det er i første rekke yrker knytt til restaurantverksemd som omfattar flest heilt ledige personar. Desse yrka er skilt ut i den fine yrkesinndelinga.
- "Annet servicearbeid" heiter no "Serviceyrker og annet arbeid". Yrker som er knytt til restaurantverksemd er no lagt under "Transport og reiseliv".

Alle yrkesinndelte tabellar i månadsstatistikken vert laga med ny yrkesinndeling. Dette gjeld også endringstal.

Figurvedlegg: Figur 8 og 9. Utviklinga i talet på heilt arbeidslause² innafor yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2004 – mars 2006. Januar 2004 = 100.



² Figur 8 og 9 inneholder denne gongen berre talet på heilt arbeidslause, ordinære tiltaksdeltakrar er ikkje med i figuren.

Figur 10. Utvikling i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar.
Januar 2004 –mars 2006. Januar 2004 =100.

